



**DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT**

Statsråden

Energi og miljøkomiteen Stortinget
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
21/1248-

Dato
27. april 2021

Representantforslag 292 S (2020-2021) om en rettferdig miljøpolitikk med utslippskutt som monner

Eg viser til representantforslag 292 S (2020-2021) om ein rettferdig miljøpolitikk med utsleppskutt som monnar. Vedlagt er mine vurderinger av forslaga i representantforslaget:

1. Stortinget ber regjeringen utarbeide sektorvise handlingsplaner for utslippskutt med utredning av hvilke tiltak som må gjennomføres for å redusere klimagassutslippene med 70 pst. innen 2030, og hvordan utslippskuttene kan gjøres på en økonomisk og geografisk rettferdig måte.

Svar:

Når vi utarbeider handlingsplanar for utsleppskutt må vi ta utgangspunkt i våre nasjonale og internasjonale mål. Målet i Parisavtalen er å halde auken i den globale gjennomsnittstemperaturen godt under 2 gradar samanlikna med før-industrielt nivå og arbeide for å avgrense temperaturauken til 1,5 gradar. Klimautfordringane er globale og kan berre løysast gjennom globalt samarbeid. Vi skal gjere vår del av jobben – både nasjonalt og internasjonalt. Noreg er ein stor bidragsytar internasjonalt for at landa skal auke klimaambisjonane for å gjere det mogleg å nå temperaturmålet i Parisavtalen. Noreg har, saman med nesten alle landa i verda, forplikta seg gjennom Parisavtalen til å kutte i utsleppa av klimagassar. Vi har meldt inn ei forplikting under Parisavtalen om å redusere utsleppa av klimagassar med minst 50 og opp mot 55 prosent innan 2030 samanlikna med 1990. Vi har òg eit mål om å bli eit lågutsleppssamfunn og kutte utsleppa i storleiksorden 90–95 prosent i 2050 samanlikna med 1990.

Klimaplanen for 2030 viser korleis vi kan innfri klimamåla vi har for 2030, og inneheld sektorvise handlingsplanar for transport, jordbruk og andre ikkje-kvotepliktige utslepp. Klimakur 2030 har greidd ut ulike tiltak og verkemiddel som kan gi minst 50 prosent reduksjon i ikkje-kvotepliktige utslepp i 2030 samanlikna med 2005, og er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget regjeringa har brukt til klimaplanen. Klimaplanen tar oss et naudsynt stykke på vegen til lågutsleppssamfunnet i 2050. Videre, som ein del av oppfølginga av Parisavtalen la regjeringa fram ein lågutsleppsstrategi for 2050 i 2019. Regjeringas lågutsleppsstrategi for 2050 er ein overordna strategi for å fremje ei langsiktig lågutsleppsutvikling.

2. Stortinget ber regjeringen legge til grunn at inntektene fra økt CO2-avgift ikke skal brukes til å redusere skatt på formue, selskapsoverskudd og høye inntekter.

Svar:

Regjeringa sin politikk er at det samla skatte og avgiftsnivået ikkje skal auke. Dette inneber at ein avgiftsauke skal bli motsvara av tilsvarende skatte- eller avgiftslette, primært for dei gruppene som er omfatta av auka avgifter. Konkrete forslag til endringar i skattar og avgifter vil bli lagt fram for Stortinget i dei årlege forslaga til statsbudsjett.

4. Stortinget ber regjeringen legge fram forslag som sørger for at inntektene fra økt CO2-avgift betales ut igjen til alle innbyggere med middels, lav eller ingen inntekt, med et tillegg per barn og geografisk differensiering. Tilbakebetalingen skal være månedlig og skattefri, som f.eks. barnetrygden, og den geografiske differensieringen kan f.eks. ta utgangspunkt i det eksisterende kartet for soneinndeling for differensiert arbeidsgiveravgift.

Svar:

Regjeringa vil føre ein klimapolitikk som i minst mogleg grad gir negative økonomiske konsekvensar for folk flest. Samstundes som det skal løne seg å kutte klimagassutslepp, skal ikkje politikken føre til urimelege kostnader. Konkrete forslag til endringar i skattar og avgifter vil bli lagt fram for Stortinget i dei årlege forslaga til statsbudsjett.

5. Stortinget ber regjeringen styrke kommunenes mulighet til å opprette og bestemme størrelsen på egne soner forbeholdt kollektivtransport, gående, mennesker med nedsatt funksjonsevne, syklistar og varetransport, og slik redusere miljøbelastningen, uavhengig av om veiene er kommunale, fylkeskommunale eller statlige. Sonene skal opprettes i tett dialog med næringsliv og innbyggere, samt Statens vegvesen og fylkeskommuner i de tilfeller hvor statlig og fylkeskommunalt veinett blir berørt.

Svar:

Regjeringa vil sjå nærmare på å bruke vegtrafikklova til å opprette nullutsleppssone av omsyn til klima, i fyrste omgang i form av pilotprosjekt i nokre få byar.

Hovudvegnetta/riksveggar skal ikkje vere omfatta av slike sonar. Grunnen til dette er at hovudvegane/riksvegane har ein avgjerande og grunnleggjande funksjon i samfunnet som bindeledd imellom ulike byar, kommunar, fylke og landsdelar, og også mellom Noreg og utlandet. For at hovudvegnettet og riksvegane skal kunne vareta denne grunnleggjande funksjonen i samfunnet, ser regjeringa det både som viktig og nødvendig at desse vegane blir haldne utanfor eventuelle nullutsleppssone.

7. Stortinget ber regjeringen legge fram forslag til en todeling av strømprisen, enten i form av todelt nett-leie eller elavgift, eller som på annet vis skiller mellom ordinært forbruk og unødvendig luksusforbruk.

Svar:

Straumrekninga som hushald betalar består av nettleige, kraftpris, elavgift, meirverdiavgift og eit påslag i nettariffen som er øyremerka Klima- og energifondet (Enova-avgiften). I tillegg kjem betaling for elsertifikatar og ev. påslag til straumleverandør.

Nettleiga utgjør om lag ein tredel av den totale straumrekninga, og er betaling for å få overført straumen frå der han blir produsert til sluttbrukaren. Straumnettet er eit naturleg monopol, med høge faste kostnader og låge brukarkostnader. Nettselskapet har einerett på straumoverføringa i området sitt, og inntektene nettselskapa kan hente inn frå kundane gjennom nettleiga er difor strengt regulert. Straumprisen er bestemd av marknaden for kjøp og sal av straum, og reflekterer difor forholdet mellom tilbod og etterspørsel. Det er kraftleverandøren som kjøper inn straum på vegner av hushaldskundar. Den enkelte straumkunden kan fritt velje sin eigen kraftleverandør. Elavgift og meirverdiavgift blir fastsette av Stortinget i dei årlege budsjetta.

Spørsmålet om differensiert elavgift har vore behandla fleire gonger i stortingsdokument, fyrste gong i etterkant av tørråret 1996. Differensiert elavgift har vorte vurdert som eit lite effektivt fordelingspolitisk verkemiddel som i tillegg har høge administrative kostnader. Differensiering mellom forbruk kan gi utilsikta fordelingsverknader. Eksempelvis er elektrisitetsforbruket gjennomsnittleg høgare i familiar med fleire barn og i hushald busett i hus med stort oppvarmingsbehov, til dømes i våningshus. Elektrisitetsforbruket i hushald er òg høgare i spreiddbygde strøk enn i byane.

Om vi skal lukkast med det grøne skifte og erstatte fossil energi med elektrisk energi, må vi nytte kapasiteten i nettet best mogleg. Dersom vi ikkje utnyttar nettet effektivt, risikerer vi å bygge ut meir nett ein det vi treng. Overinvesteringar i nett inneber unødige naturinngrep og at nettleiga til hushald og næringsliv blir høgare enn nødvendig. Prisinga av effektbelastninga hos kundane kan bidra til at kundane blir meir medvitne om effektbruken og korleis han verkar på kostnadene i nettet, og det kan gi insentiv til endra åtferd. Samla sett kan dette gi ei lågare nettleige på sikt. NVE ved Reguleringsmyndigheita for energi (RME) har hatt på høyring forslag til endring i nettleigestrukturen. Forslaget legg opp til ein nettleigestruktur med meir effektbaserte tariffar. Formålet er å legge til rette for ei betre nytting av

straumnettet og ein rimeleg fordeling av kostnadene mellom forbrukarane. RMEs siste forslag ligg no til vurdering i Olje- og energidepartementet.

8. Stortinget ber regjeringen sette ned en kommisjon som skal se på klimautslipp forbundet med unødvendig luksusforbruk som private jetfly, reiser på første klasse, store hyttepalasser og overforbruk av strøm, og komme med målrettede forslag som reduserer klimagassutslippene fra dette.

Svar:

Regjeringa er oppteken av at vi skal ha tilstrekkeleg insentiv til å vri forbruket vårt i ei mindre karbonintensiv og mindre ressurskrevjande retning. Høgare CO₂-avgift på tvers av sektorar bidrar til dette. Som ein del av oppfølginga av Parisavtalen la regjeringa i 2019 fram ein lågutsleppsstrategi for 2050 (i Prop. 1S 2019-2020). I 2050 skal Noreg vere eit samfunn med låge utslepp i alle sektorar, der utsleppa skal reduserast med 90 til 95 prosent samanlikna med 1990. Framover skal det skje ei stor omstilling i alle sektorar. Ein del av regjeringas vidare oppfølginga av arbeidet for 2050 er å setje i gang eit arbeid med ei heilskapleg utgreiing om lågutsleppsutvikling i tråd med måla for 2050. Hovudformålet er å få fram eit godt fagleg grunnlag som viser korleis ein kan legge til rette for langsiktig utsleppsutvikling innan relevante sektorar og samfunnsområde i Noreg i tråd med klimamålet for 2050

I klimameldinga varslar regjeringa at fram mot 2030 skal den samla karbonprisen (avgift+kvotepris) for innanriks luftfart aukast til om lag 2000 kroner per tonn CO₂. Dette vil gjere det dyrare å fly med fossilt drivstoff og meir attraktivt for flyselskapa å gå over til utsleppsreduserande teknologi. Saman med andre verkemiddel skal dette bidra til å omstille luftfarten til eit lågutsleppsamfunn.

Straumproduksjonen i Noreg har lågt klimagassutslepp då straum i Noreg er produsert i vasskraftverk. Samtidig er Noreg knytt til det nordiske og europeiske kraftsystemet gjennom mellomlandsforbindelser. Det betyr at auka straumproduksjon frå fossile kjelder i Europa, som konsekvens av auka norsk forbruk, ikkje auker dei samla utsleppa i kvotesystemet. Kvotepliktige utslepp skal reduserast rikeleg i årene framover, og innan 2030 skal utsleppa i EU-ETS reduserast med 43 prosent.

9. Stortinget ber regjeringen redusere importen av utenlandsk kjøtt og meieriprodukter gjennom å redusere bruken av nedsatt toll, reforhandle internasjonale handelsavtaler og på andre måter styrke tollvernet.

Svar:

For dei sentrale norske landbruksproduksjonane har Noreg eit importvern som i stor grad vernar mot importkonkurranse. Dette gjeld også for kjøtt- og meierivarer. Tollfritak eller låge tollsatsar ved import gjeld i fyrste rekkje produkt der vi ikkje har eigen produksjon eller i periodar der ein er utanfor norsk sesong.

Tollsatsane som i dag blir brukt er i hovudsak framforhandla og bunde i internasjonale avtaler (WTO, EØS og frihandelsavtalar), og der Noreg har forplikta seg til eit tollnivå for dei ulike produkta. Det same gjeld for importkvotar (tollfrie) som er inngåtte som ein del av ein frihandelsavtale. Dette er bindande avtalar som regjeringa må forhalda seg til i forvaltninga av tollvernet.

Det kan her nemnes at dersom det er underskot i det norske marknaden av eit produkt med høg tollvern, f.eks. kjøt, kan tollsatsen bli sett ned i ein tidsavgrensa periode for å dekkje underskotet. Tollsatsen settast då slik at kjøtet blir importert til norsk pris for tilsvarende produkt. Importen av kjøt med nedsett toll har sida 2015 gradvis blitt redusert og erstatta av norsk produksjon. Som følgje av pandemien har importen av kjøt auka noko det siste året.

Granavolden-erklæringa slår dessutan fast at regjeringa skal jobbe for eit føreseieleg og velfungerande importvern som blant anna skal ta omsyn til dei naturgitte konkurranseulempene for norsk landbruk. Regjeringa legg dette til grunn i forhandlingar om handelsavtalar og i den løpande forvaltninga av importvernet.

10. Stortinget ber regjeringen gradvis overføre torske-, sei- og hysekvoter fra trålflåten til kystflåten for å sikre reduserte klimautslipp fra fiskeriene, sørge for flere arbeidsplasser i norsk fiskeindustri og legge til rette for økt videreforedling av råvarene her hjemme.

Svar:

Det følgjer av Granavolden-erklæringa at regjeringa ikkje vil gjere ein omfordeling av fiskeressursar mellom fartøygrupper.

Når det gjeld korleis kvotar blir fordelte mellom trålflåten og kystfiskeflåten er det viktig å ha med seg at fleire av dei viktigaste norske fiskeria har store sesongvariasjonar. Dette betyr at fisken berre er tilgjengeleg for kystflåten i ein kort periode av året. Vi treng difor ein differensiert flåte som rommar både trålarar og mindre båtar for å utnytte fiskebestandane på ein best mogeleg måte innanfor biologiske berekraftige rammer. Dette er den brei politisk oppslutninga om.

Når det gjeld auka bearbeiding av fisk i Noreg, så ønskjer regjeringa å tilretteleggje for at det skal bli meir lønnsamt å bearbeide meir av fisken i Noreg, men det må vere opp til næringsaktørane sjølv å finne løysingar som gir lønnsam drift. Å drive lønnsamt er ein føresetnad for at sjømatnæringa framleis skal spele ei sentral rolle for sysselsetjing og aktivitet langs kysten.

11. Stortinget ber regjeringen legge til rette for at embetsverket kan beregne klimaeffekten av forslag som fremsettes av partigruppene på Stortinget, på samme måte som Finansdepartementet i dag svarer på budsjettspørsmål og leverer økonomiske beregninger til alternative budsjett, og for at helhetlige beregninger av fordelingseffekten av partienes klimapolitikk tilbys.

Svar:

Stortinget si fremste rolle er som kjend å vere lovgivande organ, medan Regjeringa har rolla som utøvande organ. Dette inneber at det som hovudregel er regjeringa som fremjar forslag til ny politikk, medan Stortinget behandlar forslaga og vedtek lovar. Einskilde representantar frå Stortinget har gjennom representantforslag moglegheit til å fremje konkrete forslag til ny politikk. Moglegheita til å fremje representantforslag er ein viktig institusjon. Representantane har òg moglegheit til å fremje skriftlege spørsmål til statsrådene.

Det mest oppdaterte nasjonale kunnskapsgrunnlaget vi har for klimapolitikken er Klimakur 2030. Her fekk fagetatane i oppdrag å vurdere tiltak og verkemiddel som kunne gi ein reduksjon på 50 prosent i dei ikkje-kvotepliktige utsleppa. SSB fekk òg eit eige oppdrag om å gjere ei makromodellkøyring av ein tilsvarande utsleppsreduksjon. Begge desse rapportane er offentleg tilgjengelege.

12. Stortinget ber regjeringen legge fram forslag som åpner for at en andel av SPU kan brukes som et nasjonalt grønt industrifond som gjør strategiske investeringer i hjemlig industriproduksjon, med formål om å sikre teknologisk utvikling, økt eksport av varer, flere industriarbeidsplasser, økt verdiskaping og mer videreforedling i Norge.

Svar:

Spørsmål 12 og 13 er forelagt finansministeren som har følgende svar:

"Representanten Moxnes foreslår at en andel av Statens pensjonsfond utland brukes som hhv. et grønt industrifond og et grønt infrastrukturfond, der begge investeres i Norge.

Formålet med Statens pensjonsfond er å understøtte statlig sparing for finansiering av folketrygdens pensjonsutgifter og å underbygge langsiktige hensyn ved anvendelse av statens petroleumsinntekter. Det følger av lov om Statens pensjonsfond § 6 at Statens pensjonsfond utland (SPU) skal investeres utenfor Norge og i utenlandsk valuta etter nærmere bestemmelser fastsatt av departementet. Paragrafen kom inn i loven som del av oppfølgingen av sentralbanklovutvalgets forslag i NOU 2017: 13 om å styrke det formelle grunnlaget for sentrale deler av rammeverket for den økonomiske politikken i Norge, og innebar en lovfestet avgrensning som allerede var mandatfestet.

I forarbeidene til paragrafen, Prop. 97 L (2018-2019) avsnitt 11.2.4.2, vektlegges det at inntektene fra petroleumsvirksomheten har en annen karakter enn statens øvrige inntekter ved at de delvis har sitt motstykke i en reduksjon i statens petroleumsformue. De budsjettpolitiske retningslinjene ivaretar petroleumsinntektenes spesielle karakter med sikte på at inntektene skal komme også fremtidige generasjoner til gode. Skal fondet kunne fungere som et sparefond for landet, må SPU plasseres utenlands. Petroleumsressursene utgjør en viktig del av landets nasjonalformue, og verdien av formuen svinger med prisene på olje og gass. Ved å produsere og selge petroleum og investere inntektene i verdipapirer i

finansmarkedene, reduseres sårbarheten i den samlede formuen for svingninger i prisene på olje og gass. Når inntektene fra petroleumssektoren plasseres i flere typer aktiva i mange land og regioner i verden, spres risikoen ved investeringene og landets nasjonalformue ytterligere. Plassering utenlands bidrar også til å stabilisere valutamarkedet. Samtidig gir det en klar avgrensning mot Statens pensjonsfond Norge som i hovedsak investeres innenlands.

Det vises også til at investering av midlene ute, sammen med handlingsregelen for budsjettpolitikken, er viktig for at SPU kan bidra som et finanspolitisk styringsverktøy. Ifølge handlingsregelen skal bruken av oljeinntekter over tid følge den forventede realavkastningen av SPU. Den årlige overføringen fra fondet til statsbudsjettet dekker det oljekorrigerte underskuddet, slik at statsbudsjettet er i balanse. Midlene som overføres fra SPU er ikke øremerkede, men inngår som en del av en samlet budsjettbehandling der regjeringen og Stortinget prioriterer mellom ulike formål. Alle statlige utgifter og investeringer bidrar til etterspørsel og må tilpasses konjunktursituasjonen og kapasiteten i økonomien. Dersom det ble åpnet for at deler av SPU skulle investeres innenlands, ville investeringsnivået i økonomien, alt annet likt, kunne bli for høyt. Samlet tilførsel av penger inn i norsk økonomi fra staten ville da kunne overstige hva som er forsvarlig på lang sikt og gi en uønsket nedskalering av konkurranseutsatt sektor. Samtidig ville fondet i realiteten fungere som et budsjett nummer to for formål som ikke når opp i regjeringens og Stortingets ordinære budsjettbehandling. Investeringer innenlands ville dessuten bidra til å øke det statlige eierskapet i norsk næringsliv fra et allerede høyt nivå.

Handlingsregelen for budsjettpolitikken legger til rette for at realverdien av fondet kan opprettholdes til nytte for fremtidige generasjoner. Mens kapitalen i fondet kan brukes kun én gang, kan realavkastningen finansiere et varig høyere nivå på statens utgifter.

Stortinget traff sitt lovvedtak i 2019. Det er dermed bred oppslutning om de prinsippene det er redegjort for ovenfor.

Målet med investeringene i SPU er høyest mulig avkastning etter kostnader med akseptabel risiko. Innenfor denne rammen skal fondet forvaltes ansvarlig. Det er bred politisk enighet om at fondet ikke er et virkemiddel i klimapolitikken, jf. bl.a. finanskomiteens innstilling til meldingen om Statens pensjonsfond 2019, der den uttalte at «Fondet skal ikke være et politisk virkemiddel».

13. Stortinget ber regjeringen legge fram forslag som åpner for at en andel av SPU kan brukes som et grønt infrastrukturfond som investerer i utbygging av klimavennlig infrastruktur som jernbane, kollektivtransport, ladenettverk, havner og bredbånd i hele Norge.

Svar:

Sjå svar fra finansministeren på spørsmål 12

Med helsing


Sveinung Rotevatn